Leikanger barneskule
www.leikanger-barneskule.no
Telefon adm.: 95 24 46 78
Telefon SFO: 91 82 41 02

# Vekeplan for 1. steg

# Veke 19

| | | MÅNDAG 6/5 | TYSDAG 7/5 | ONSDAG 8/5 | TORSDAG 9/5 | FREDAG 10/5 |
|---|---|---|---|---|---|---|
| 1<br>2 | 08.50<br>10.20 | Norsk<br>Norsk | Utedag  | Norsk<br>Matematikk | FRI 😊<br>Kristi Himmelfartsdag | Elevfri dag 😊 |
| 3 | 10.35<br>11.30 | Skulen les | | Samfunnsfag | | |
| 4<br>5 | 12.00<br>13.30 | Matematikk<br>KRLE | | Engelsk | | |

| Tema: Myldrande liv | LEKSE TIL TYSDAG: | LEKSE TIL ONSDAG: | LEKSE TIL TORSDAG: | LEKSE TIL FREDAG: |
|---|---|---|---|---|
|  | Les leseleksa og skrive setningar på lesearket som ligg i lesemappa (den kvite mappa).<br><br>Øve på å telje med tiarar til 100; 10-20-30-40-50-60-70-80-90-100 og tilbake. | Levere inn lesemappa.<br>Les leseleksa og skrive setningar på lesearket som ligg i lesemappa (den kvite mappa).<br><br>Øve på å telje med tiarar til 100; 10-20-30-40-50-60-70-80-90-100 og tilbake. | | |

**Viktige datoar:** -Sommarfest: 12.6.24

Siv Anette Slinde Thorsnes
siv.anette.slinde.thorsnes@sogndal.kommune.no
Tlf. jobb:
Mobil: 91 11 36 38

Nora Lindblad
22norlin@sogndal.kommune.no
Tlf. jobb:
Mobil: 91721909

Leikanger barneskule
www.leikanger-barneskule.no
Telefon adm.: 95 24 46 78
Telefon SFO: 91 82 41 02

| | Dette arbeider me med denne veka |
|---|---|
| Norsk | Repetisjon av bokstavane. |
| Matematikk | Undersøk mengder, partal og oddetal, det dobbelte og halvparten |
| Engelsk | I like jumping |
| Kroppsøving | Balleikar, stafettar |
| Musikk | Songar til 17. mai – «Ja vi elsker» og «No livnar det i lundar» |
| Samfunnsfag/naturfag | Kjensler |
| Krle | Å leve saman |
| Tema | Myldrande liv |

Avspassering, 6. vekers planleggjing:

6. oktober

24. november

12. januar

1. mars

19. april

31. mai

## Meldingar

Ny leselekse frå denne veka. Den har tre vanskegrader. Les og øv på den som gir mest meistring. Snakk positivt om lesing og om kor viktig det er. Sjølv om me veit at enkelte har mykje om ettermiddagen så oppmodar me alle om å lese kvar dag sidan me ikkje har moglegheit til det på skulen. Det blir etterkvart meir lesing i alle fag og krava til lesing aukar. Når den tekniske lesinga/avkodinga er på plass er det forståinga av det elevane les som krevst. Lesing = avkoding + forståing. Spør gjerne barnet ditt om kva han/ho har lese. Elevane har lettlest bøker tilgjengelege i klasserommet også.
Skriving og lesing går hand i hand. I «Leksehefte» vil det vere eit bilde som elevane skriv anten ord eller setningar til. 5-6 ord eller 4-5 setningar. Setningane kan gjerne starte med «Eg ser…..» Skriv med dei små bokstavane. Når elevane skriv er dei er på ulike plassar når det gjeld det dei treng å øve på. Dei har nok med å øve på få ting om gongen. Dei treng ikkje å øve på stor bokstav og punktum før dei til dømes har øvd på mellomrom mellom orda. Det me har sagt dei kan øve på er i denne rekkjefølgja:
-Mellomrom mellom orda.
-Skrive med små bokstavane.
-Hugse rett høgd på bokstavane; loft, stove og kjellar.
-Stor bokstav og punktum i starten og slutten på setningar.

**Lettlestbøker**
Dei som har fått lesttlest bøker i mappa, må hugse å ta dei med att på skulen når dei vil byte bok.

**Klede**
Gjer gjerne avtale med barnet dykkar om kva klede de ynskjer dei skal ha på seg ute no. Særleg dei som har fleire val. Me seier at dei kan ta utebukse/turbukse no når me har utedagar. Sjekk at borna dykkar har det dei treng.

**Fråvær**
Det er viktig at de registrerer eventuelle time- eller heildagsfråvær på Visma. Ta kontakt med oss viss de ikkje får dette til. Kanskje me kan hjelpe. Andre meldingar, informasjon eller spørsmål kan og sendast på Visma.

**Annan informasjon**
Leikanger barneskule tek til klokka 08.50 på morgonane. Måndagar, tysdagar, torsdagar og fredagar er skuletida slutt klokka 13.30, onsdagar sluttar me 12.45.

**Ynskjer dykk ei fin veke!** 😊
**Nora og Siv Anette**

Siv Anette Slinde Thorsnes
siv.anette.slinde.thorsnes@sogndal.kommune.no
Tlf. jobb:
Mobil: 91 11 36 38

Nora Lindblad
22norlin@sogndal.kommune.no
Tlf. jobb:
Mobil: 91721909

Leikanger barneskule
www.leikanger-barneskule.no
Telefon adm.: 95 24 46 78
Telefon SFO: 91 82 41 02

Siv Anette Slinde Thorsnes
siv.anette.slinde.thorsnes@sogndal.kommune.no
Tlf. jobb:
Mobil: 91 11 36 38

Nora Lindblad
22norlin@sogndal.kommune.no
Tlf. jobb:
Mobil: 91721909